

ÅLESUND KOMMUNE
Kontrollutvalet

MØTEINNKALLING

Kopi: ordfører
kommunedirektør
revisjon

INNKALLING TIL TEAMSMØTE I ÅLESUND KONTROLLUTVAL.

Onsdag 29. april kl. 16.00. Møtet vert arrangert i Microsoft Teams og kvar deltakar må bruke linken som blir sendt via innkalling i epost.

SAKSLISTE:

- Sak 06/20 Godkjenning av møtebok frå møte 16. april 2020 (telefonmøte).
- Sak 07/20 Innspel til moglege saker for Ålesund kontrollutval.
- Sak 08/20 Rapportering til kontrollutvalet – interimsrevisjon 2019.
- Sak 09/20 Bestilling av overordna risiko- og vesentlegvurdering.
- Sak 10/20 Felles årsmelding 2019 for kontrollutvala i Ålesund, Haram, Skodje, Ørskog og Sandøy.

Eventuelt

Bente Bruun
leiar
(sign.)

**KONTROLLUTVALET I
ÅLESUND KOMMUNE**

MØTEBOK

Møtedato: 16.04.2020, kl.16.00

Møtestad: telefon fjernmøte

Møtet vart leia av Bente Bruun.

Elles deltok:

Kåre A. Hanken, Terri-Ann Senior, Jannicke S. Strømmen og Knut Helge Vestre

Møtet var eit reint orienteringsmøte.

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Bjørn Tømmerdal. Følgjande punkt blei diskutert:

1. Leiar Bente Bruun fekk bekrefta frå alle medlemmane at dei er fortrulig med bruk av «Teams» som møteverktøy. Det blei orientert og diskutert litt rundt bruken av dette verktøyet.
2. Kontrollutvalet blei einig om å fastsette følgjande møte for 1. halvår 2020:
 - a. Onsdag 29. april 2020 kl. 16.00 (møtet blir avvikla i Teams)
 - b. Måndag 25. mai 2020 kl. 16.00 (møtestad avhenger av Covid 19-restriksjonar)
 - c. Tysdag 9. juni 2020 kl. 16.00 (møtestad avhenger av Covid 19-restriksjonar)
3. På neste møte vil Ålesund kontrollutval få ei oversikt over ulike innspel som har kome til leiar, og som utvalet må diskutere nærare om ein vil arbeide med, og om desse ligg innafor utvalet sitt mandat og mynde.

Møtet var slutt kl. 16.30

Bjørn Tømmerdal

Dagleg leiar

Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS

Sak 07/20 Innspel til moglege saker for Ålesund kontrollutval.

Bakgrunn:

Vedlagt følgjer ei oversikt over saker som har blitt spelt inn til leiar Bente Bruun. Kontrollutvalet bør diskutere i samråd med sekretariatet relevansen av desse sakene og sjå nærare på om dei fell inn under kontrollutvalet sitt ansvar og mynde. Om ein ønskjer å sjå nærare på desse bør ein diskutere problemstilling og omfang på arbeidet med sakene.

1. Innspel frå Terje Devold datert 15. april 2020 kring Ålesund kommune si rolle som garantistiller, sjå vedlegg 1
2. Innspel frå Trygve Moxness datert 13. april 2020 kring bebyggelse nær høyspentanlegg, sjå vedlegg 2. Her vil dagleg leiar i ÅKE Bjørnar Helland gje kontrollutvalet ei nærare orientering.
3. Innspel frå Trygve Moxness datert 13. april 2020 kring offentlege anskaffingar, sjå vedlegg 3.
4. Innspel frå Knut Helge Vestre, datert 17. april 2020 kring ansettelsesstopp i Ålesund kommune, sjå vedlegg 4

Saka vert med dette lagt fram utan tilråding til vedtak. Kontrollutvalet kan med bakgrunn i diskusjonen og den informasjonen som kjem fram sjølv fremme eventuelt forslag til vedtak.

Bjørn Tømmerdal
Dagleg leiar
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS

Bjørn Tømmerdal

Fra: Terje Devold <terje.devold@gmail.com>
Sendt: 15. april 2020 11:41
Til: beb@fials.no; Bjørn Tømmerdal
Emne: Sak til Kontrollutvalget Ålesund kommune

Jeg viser til dagens kronikk i Sunnmørsposten av Arnfinn Mauren;

<https://www.smp.no/meninger/2020/04/15/«Garanterte-for-klubb-som-ikke-kan-betale-leien»-21580568.ece>

Noen av forholdene som fremkommer i kronikken relaterer seg til M&R Fylkeskommunes rolle som byggherre og eier/forvalter, men ett særskilt forhold dreier seg om Ålesund kommunes garantistillelse for idrettslags leieforpliktelser.

Jeg siterer fra kronikken;

I slutten av november i fjor sendte styrelederen i Klatreklubben i Ålesund en e-post til den fylkeskommunale prosjektlederen for Spjelkavik Arena i Ålesund. Meldingen var klar: Klubben vurderte å trekke seg som fremtidig leietaker i den planlagte idrettshallen.

Årsaken var at klubben ikke kunne forplikte seg til årlige leieutgifter på 1,3 millioner kroner, slik forutsetningen er i prosjektet.

Hvis dette er tilfelle er Ålesund kommune forledet av Møre og Romsdal Fylkeskommune til å stille en 30 års husleiegaranti på vegne av et idrettslag som før garantien ble vedtatt har meddelt at de ikke ser seg i stand til å innfri husleien. Dette skal Fylkeskommunen ha fått meddelt skriftlig.

Dette reiser en rekke spørsmål, hvorav noen er;

- Har Ålesund kommune på fritt grunnlag foretatt en vurdering av de ulike idrettslags betalingsevne, og derigjennom foretatt en elementær kredittvurdering av garantistillelsene?
- Var Ålesund kommune klar over Klatreklubbens holdning til husleien og klubbens vurdering av om denne var/er realistisk å bære for klubben?
- Er garantistillelsen juridisk forpliktende hvis det som fremkommer i kronikken er korrekt?

Med vennlig hilsen

Terje Devold
P A Musæusveg 20
N-6008 Ålesund
Mobil 90585799
Epost terje.devold@gmail.com

vedlegg 2

Fra: Trygve Moxness <trymox@gmail.com>

Sendt: 13. april 2020 23:29

Til: Bente Bruun <beb@fials.no>; terri.senior@gmail.com; kaare.alfred.hanken@online.no; knut@prawnsfnorway.no; jannicke@strommen.org

Emne: Blir skolebarna i Ålesund tilbudt trygge undervisningslokaler?

Hei,

Her er en mulig sak for kontrollutvalget.

Det påstås at Ålesund kommunale Eiendom KF (ÅKE) på flere skoler i kommunen har satt opp brakkebygg til undervisningsformål over høyspentkabler. Brakkene er visstnok også satt opp uten å søke om påkrevd byggetillatelse. Flere av brakkene tilfredsstiller heller ikke krav til nødvendig luftutskifting m.m. Det er visstnok satt opp brakkebygg uten å søke om byggetillatelse både på Ratvikåsen skole, Hessa barneskole og på Ellingsøy barne- og ungdomsskole.

Det opplyses om at både Arbeidstilsynet, Ålesund Brannvesen, Representanter fra Virksomhet for plan- og bygning i Ålesund kommune skriftlig har meldt fra om flere avvik på flere av brakkeriggene som ÅKE har satt opp på skolene omkring i Ålesund kommune.

Representanter fra Virksomhet for plan- og bygning i Ålesund kommune, samt representanter fra Ålesund Brannvesen gjennomførte 14.08.2019 tilsyn av brakkene fra Sokkles AS som er montert på Hessa skole. Tilsynsrapporten har overskrift «Gbnr. 47/188 - Tilsynsrapport 26 2019 - Hatlaskaret 9 Ålesund Kommunale Eiendom Kf». Fra tilsynsrapporten siteres:

*"Etter en helhetsvurdering av ovennevnte 4 avvik er det vår vurdering at foretaket ÅKE ikke kan inneha ansvarsrett for verken SØK, PRO eller UTF slik foretaket har erklært. Ovennevnte avvik er alvorlige overtredelser av bestemmelser gitt i eller i medhold av plan- og bygningsloven. **Ålesund kommune vil på denne bakgrunn frata foretaket ÅKE ansvarsretten for SØK, PRO og UTF i denne byggesaken.**"*

Ålesund kommune har mottatt skriftlig henvendelse fra Norges Miljøvernforbund vedrørende nødvendige byggetillatelser for enkelte av brakkebygningene i kommunen som benyttes til undervisningsformål. Kommunen har også mottatt henvendelse fra Norges Miljøvernforbund om det er korrekt at enkelte av undervisningsbrakkene er lagt over høyspentkabler, og om det er korrekt at dette kan resultere i strålingsskader hos barna som mottar undervisning i disse brakkene? Ålesund kommune har frem til nå unnlatt å besvare Norges Miljøvernforbund sine henvendelser.

Det går rykter om at det både på Ellingsøy barne- og ungdomsskole og på Ratvikåsen skole er anlagt brakkebygninger til undervisningsformål over høyspentkabler. E-post som Ålesund kommune mottok fra Mørenett AS som er journalført på ArkivsakID: 20/6506 dokumenterer at det er korrekt at det ligger kabler i grunnen under brakkene på Ratvikåsen skole.

ArkivsakID: 20/6506

Gbnr. 47/188 - Hatlaskaret 9 - Oppføring av midlertidig modulbygg

https://alesund.kommune.no/innsyn.aspx?response=arkivsak_detaljer&arkivsakid=2020006506&scripturi=/innsyn.aspx&skin=infolink&Mid1=1561&

Fra Statens Strålevern sin brosjyre "BEBYGGELSE NÆR HØYSPENNINGSANLEGG - Informasjon om magnetfelt fra høyspenningsanlegg" siteres følgende fra side 5:

*«Siden det fortsatt er en liten usikkerhet knyttet til om langvarig eksponering for lavfrekvente magnetiske felt kan gi en økning i **leukemi blant barn**, har helsemyndighetene fra 2006 tilrådd vurdering av tiltak ved etablering av nye bygg nær kraftledninger og nye kraftledninger nær bygg. Med bygg menes boliger, **skoler** eller barnehager.»*

(...)

*«0,4 μ T er et utredningsnivå satt av norske myndigheter. 0,4 μ T er ikke en grenseverdi fordi det ikke er dokumentert en årsakssammenheng mellom lavfrekvente magnetfelt og høyere forekomst av **barneleukemi**. Utredningsnivået er etablert fordi myndighetene ønsker å ta høyde for den vitenskapelige usikkerheten som fremdeles eksisterer på området.»*

Kilde:

<https://www.dsa.no/publikasjon/bolig-naer-hoeyspenningsanlegg.pdf>

Om det er korrekt at Ålesund kommune og ÅKE har montert brakkebygninger til undervisningsformål over høyspentklabler, og derved risikerer å fremprovosere barneleukemi blant skolebarna som mottar undervisning, så er det ikke betryggende. Eller er det slik at Ålesund kommune ønsker å drive forskning på om det virkelig er korrekt at stråling kan fremprovosere barneleukemi? Burde ikke i så fall barnas foresatte først bli informert og spurt om de aksepterer at kommunen på dette viset bruker deres kjære barn som forsøkskaniner på barneleukemi?

Med vennlig hilsen,
Trygve W. Moxness
mobil: 91646804

vedlegg 3

Fra: Trygve Moxness <trymox@gmail.com>

Sendt: 13. april 2020 16:18

Til: Bente Bruun <beb@fials.no>; terri.senior@gmail.com; kaare.alfred.hanken@online.no; knut@prawnsofnorway.no; jannicke@strommen.org

Emne: Brudd på anskaffelsesforskriften § 22-3 hos Ålesund kommune

Hei,

Av anskaffelsesforskriften § 22-3 følger det helt klart at kommunen ikke har lov til å åpne tilbudene før **ETTER** tilbudsfristen.

<https://lovdata.no/forskrift/2016-08-12-974/§22-3>

I Doffin referanse: 2020-383212 så har Ålesund kommune skrevet at tilbudene skal åpnes 4 dager **FØR** tilbudsfristen. Det at tilbudene åpnes opp før tilbudsfristen åpner opp for prislekkasjer, kameraderi og korrupsjon, og er dessuten ulovlig jamfør anskaffelsesforskriften § 22-3. Kommunen har i utlysningen med Doffin referanse 2020-383212 opplyst om følgende tilbudsfrist og tidspunkt for åpning:

- *IV.2.2) Tidsfrist for å motta tilbud eller forespørsel om deltakelse, Dato: **08.05.2020**, Lokal tid: 12:00*
- *IV.2.7) Tilbudsåpning, Dato: **04.05.2020**, Lokal tid: 13:00*

Kilde:

Doffin referanse: 2020-383212 som kan leses her:

<https://doffin.no/Notice/Details/2020-383212>

Denne typen feil bør ikke Ålesund kommune gjør på en svært kostnadskrevenende anskaffelse der det i utlysningens punkt II.1.5) er *Estimert totalverdi Verdi ekskl. MVA: 130000000 NOK.*

KONKLUSJON:

Konkurransen bør lyses ut på nytt.

Kommunen bør skjerpe inn sine rutiner.

Mvh,

Trygve Moxness

mobil: 91646804

vedlegg 4

Fra: Knut Helge Vestre <knut.helge.vestre@prawnsfnorway.no>

Sendt: 17. april 2020 07:53

Til: Bjørn Tømmerdal <bjorn.tommerdal@sksiks.no>; beb@fials.no

Emne: Forslag til sak i Ålesund Kontrollutvalg.

Hei

Viser til telefonmøte i går der det ble avtalt nytt møte den 29.04.2020 i kontrollutvalget.

Jeg har grunn til å tro at Kommunaldirektør vil stille på møte (det vil være svært uheldig i så fall om ho velger det bort) og i den anledning vil jeg spille inn en sak til kontrollutvalget som jeg håper dere kan vurdere å ta med i møte.

Kommunaldirektør varslet seneste formannskapsmøte at det var ansettelsesstopp i kommunen fra nyttår, så ble det mer presisert at det var fra mars. Men nå er denne stillingsannonsen ute på Ålesund kommune (se vedlagt skjerm bilde) Leiar for FNs framtidslab i Ålesund og er underlagt stab og leiing, søknadsfrist 24.04.2020

I denne anledning så har jeg i utgangspunktet noen spørsmål, men som jeg har grunn til å tro vil bli flere.

Hvem betaler for denne stillingen, er det Ålesund kommune eller andre ? Belaster ikke denne stillingen Ålesund kommune sitt budsjett i det hele tatt ?

Er det det ikke innført ansettelsesstopp som Kommunaldirektøren sier eller er det bare i ord og ikke i handling ?

Om det fører med seg riktighet at Ålesund kommune ikke har gjennomført ansettelsesstopp som Kommunaldirektøren opplyser til politikerne så er dette en meget alvorlig sak slik jeg ser det. Her må Kommunaldirektøren komme med en meget god forklaring på hva som skjer.

Ser frem til å høre fra dere.

Med vennlig hilsen / Best regards
Knut Helge Vestre

Bakgrunn:

Revisjon av årsrekneskapen er ein heilt sentral del av eigenkontrollen i kommunen. Ei viktig oppgåve for revisor er å gje sikkerheit for at ein kan stole på informasjonen kommunen gjev om økonomien sin. Revisor er ein uavhengig og objektiv tredjeperson som gjennom sine kontrollar kan avdekkje og førebyggje feil og manglar i den økonomiske rapporteringa. Revisor vil i tillegg rettleie kommunen for å førebyggje og avdekkje feil og mislege handlingar.

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunen blir revidert på ein forsvarleg måte. Utvalet er difor avhengig av at revisor i tilstrekkeleg grad rapporterer om revisjonsarbeidet. At kontrollutvalet og revisor har ein god dialog og god forståing av sine oppgåver, er viktige føresetnader for å skape tryggleik for at revisjonsarbeidet blir forsvarleg utført.

Ei viktig oppgåve for revisor er å gje sikkerheit for at ein kan stole på informasjonen kommunen gjev om økonomien sin.

Interimsrevisjon er den revisjonen som blir gjennomført i løpet av året for å kontrollere at dei interne kontrollane fungerer som føresett gjennom året. I interimsrevisjonen går revisor gjennom og testar rutinar, transaksjonar og rapportering innan utvalde område.

Oppdragsansvarleg revisor Anne Nygård vil på kontrollutvalet sitt møte 29. april 2020 gje ein presentasjon av arbeidet. Denne presentasjonen ligg vedlagt til saka.

Sekretariatet sitt forslag til vedtak:

Ålesund kontrollutval tek rapporten til vitande. Kontrollutvalet ønskjer å bli halde oppdatert på dei områda som krev å følgast opp av revisjonen.

Bjørn Tømmerdal
Dagleg leiar
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS

OPPSUMMERING ETTER INTERIMSREVISJON 2019

ØRSKOG – SKODJE – HARAM – SANDØY - ÅLESUND KOMMUNE
ORIENTERING I KONTROLLUTVALET 29.04.2020

MRR
Møre og Romsdal Revisjon SA

1

MØRE OG ROMSDAL REVISJON SA FRA 01.01.2020



25 ansatte med høy kompetanse


Kontor i Kristiansund, Ålesund, Molde og en ansatt i Surnadal.

Et betydelig kompetansemiljø i Møre og Romsdal.



Representerer 219 000 innbyggere

Nye Ålesund kommune, nye Molde kommune, Fjord kommune og Hustadvika kommune sammen med 17 andre kommuner, samt Møre og Romsdal fylkeskommune



Estimert omsetning på om lag MNOK 30

Regnskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon, selskapskontroll, attestasjoner og rådgivning

MRR
Møre og Romsdal Revisjon SA

2

VÅR KOMPETANSE

3

- ▶ Vi kjenner kommunene våre og kommunal sektor godt
- ▶ Vi har et bredt fagmiljø som består av:
 - ▶ Statsautoriserte revisorer
 - ▶ Registrerte revisorer
 - ▶ Samfunnsvitere
 - ▶ Statsvitere
 - ▶ Diplomert interntrevisor
 - ▶ Jurist m.m.



MRR
Møre og Romsdal Revisjon SA

3

Agenda

4

- ▶ Vurdering av risiko og intern kontroll
- ▶ Revisjonsstrategi
- ▶ Kontroll av momskompensasjon
- ▶ Revisjon av transaksjonsområdene

MRR
Møre og Romsdal Revisjon SA

4

Vurdering av risiko og intern kontroll

5

Møte med ny rådmann, alle gamle rådmenn og økonomisjefer

- ▶ Risikobilde for årsregnskapene for 2019
 - ▶ Hvem har ansvaret – avklart, delegert til gamle rådmenn
 - ▶ Tidsfristen 15.02
 - ▶ Skodje leverte innen frist
 - ▶ Haram og Ørskog leverte 17.02
 - ▶ Ikke levert pr 06.03 Ålesund og Sandøy
 - ▶ Ressurser til å avstemme
 - ▶ Ålesund har kapasitetsproblemer. Ikke ferdig avstemt bank per 28.02

MRR
Møre og Romsdal Revisjon SA

5

Vurdering av risiko og intern kontroll

6

Møte med ledelsen forts

- ▶ Tilskudd til ressurskrevende brukere
 - ▶ **Egenkontroll** på gitte timer mot vedtak på timer
- ▶ Fokus på tiltak for å holde høy etisk standard
 - ▶ Rapporteringsrutiner for misligheter
- ▶ Kommentarer til budsjettavvik i investeringsregnskapet
 - ▶ Vesentlige avvik
- ▶ Prosjektregnskapet for Nye Ålesund – prosedyre for å legge det fram for kommunestyret

MRR
Møre og Romsdal Revisjon SA

6

Vurdering av risiko og intern kontroll

7

- ▶ Formelle kontrollrutiner
 - ▶ Tilfredsstillende på mange områder –
 - ▶ Administrasjon preget av arbeidet med sammenslåing og for liten kapasitet
- ▶ Risikoområder
 - ▶ Innkjøpsområdet – god egenkontroll på innkjøpsreglene
 - ▶ Skille drift og investering – vedlikehold i investeringsregnskapet
- ▶ Tertialrapportering er en viktig intern kontroll

MRR
Møre og Romsdal Revisjon SA

7

Revisjonsstrategi

8

- ▶ Periodisering av lønn – følges opp i årsregnskapsrevisjon
 - ▶ Har løfte om at alle kommuner skal gjøre det
- ▶ Skille mellom drift og investering i ÅKE
 - ▶ Møte med leder for rehabiliteringsavdelingen
- ▶ Kontroll av overtid for Ålesund
 - ▶ Har fått en utredning fra personalsjef for tiltak 2. halvår
- ▶ Kontroll av bokføring av overdratte eiendeler til Bingsa Gjenvinning AS
- ▶ Kontroll av etterberegning av vederlagsbetaling på institusjon
- ▶ Fokus på balansen

MRR
Møre og Romsdal Revisjon SA

8

Momskompensasjon

9

- ▶ Ålesund - **vesentlige** feil på 6. termin – fakturaer datert i januar 2020
 - ▶ Korrigert før innsendt krav
- ▶ Ørskog – lite feil
- ▶ Skodje – lite feil
- ▶ Haram - noe feil
- ▶ Sandøy – lite feil fram til 6. termin

MRR
Møre og Romsdal Revisjon SA

9

Revisjon av transaksjonsområda

10

- ▶ Lønn
 - ▶ Bekreftelse fra enhetsledere på egenkontroll for sin enhet
 - ▶ Reiseregninger i Ålesund – noe avvik rapportert til rådmann
- ▶ Innkjøp - Ålesund
 - ▶ Gjennomgått listene fra konserninnkjøps egen kontroll
 - ▶ I Ålesund har vi plukket ut noen nye til kontroll i 2019
 - ▶ Misligheter ved retur av varer
- ▶ Overføringer - kun substanskontroll i 2019(ingen testing av rutiner)
- ▶ Finans -
 - ▶ Kassetelling
 - ▶ Anmodet om bankbrev

MRR
Møre og Romsdal Revisjon SA

10

Revisjon av transaksjonsområda

11

- ▶ Salgsområdet - Ålesund
 - ▶ Fakturering av byggesaksgebyr
 - ▶ Analyse av inntektene på Bingsa – store avvik mot budsjett

- ▶ Investering
 - ▶ Kontrollert skillett drift og investering
 - ▶ Store prosjekt inklusive utbyggingsavtaler (Ålesund og Sandøy)
 - ▶ Vesentlige avvik mot budsjett
 - ▶ Vurdert Svømmehallen i Ålesund og veier og IT i Haram

- ▶ Bedt om advokatbekreftelse på mulige forpliktelser

MRR
Møre og Romsdal Revisjon SA

11

12

“ Vi vil bidra til at innbyggerne i vårt distrikt får et enda bedre fylke å bo i ”

- Møre og Romsdal Revisjon SA

MRR
Møre og Romsdal Revisjon SA

12

Bakgrunn:

Kontrollutvalet sine oppgaver ved forvaltningsrevisjon følger av kommunelova § 23-3 og Forskrift om kontrollutval og revisjon §§ 4 og 5.

Kontrollutvalet skal rapportere og legge fram gjennomførte forvaltningsrevisjonsrapportar og resultatane av disse til kommunestyret, jf. forskrift om kontrollutval og revisjon § 4.

§ 23-3. Forvaltningsrevisjon

Forvaltningsrevisjon innebærer å gjennomføre systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, regelletterlevelse, måloppnåelse og virkningar ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak.

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan som viser på hvilke områder det skal gjennomføres forvaltningsrevisjonar. Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet og virksomheten i kommunens eller fylkeskommunens selskaper. Hensikten med risiko- og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for forvaltningsrevisjon.

Planen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv. Kommunestyret og fylkestinget kan delegerer til kontrollutvalget å gjøre endringer i planen.

VURDERING

Kontrollutvalet skal i denne saka bestille ei risiko- og vesentlegvurdering av kommunen si verksemd og verksemd i kommunen sine selskap. Føremålet er å finne ut kor det er størst behov for forvaltningsrevisjon. Risiko- og vesentlegvurderinga skal danne grunnlag for utarbeiding av Plan for forvaltningsrevisjon, som skal vise på kva områder det bør gjennomførast forvaltningsrevisjonar. Kontrollutvalet skal i løpet av 2020 innstille til kommunestyret om kva plan for forvaltningsrevisjon Ålesund kommune skal ha denne valperioden.

Både risiko- og vesentlegvurderinga og forslag til plan for forvaltningsrevisjon kan i prinsippet verte utført og førebudd av sekretariatet. Vi har ut frå ein bestillar- og utførarmodell sett føre oss følgjande arbeidsdeling mellom kontrollutval, kontrollutvalssekretariat og revisjon:

- Kontrollutvalet bestiller ei risiko- og vesentlegvurdering av kommuna si verksemd frå Møre og Romsdal Revisjon SA (MRR). MRR er kommunen sin revisor og kjenner kommunen sin organisasjon gjennom sitt revisjonsarbeid.
- På bakgrunn av rapport frå risiko- og vesentlegvurderinga, utarbeider sekretariatet forslag til plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020-2023, som vert behandla av kontrollutvalet.

- Kontrollutvalet innstiller til kommunestyret på forslag til plan for forvaltningsrevisjon 2020-2023. Kommunestyret vedtek planen.
- På grunnlag av vedtatt plan for forvaltningsrevisjon bestiller kontrollutvalet forvaltningsrevisjonar utført av MRR.

For at risiko- og vesentlegvurderinga skal vere eit godt verktøy for kontrollutvalet i utarbeiding av Plan for forvaltningsrevisjon, så vert det sett følgjande krav til utarbeiding av analysa:

- Som grunnlag bør bl.a. nyttast kommunale dokument og vedtak, tilgjengelege statistikkar og tilsynsrapportar. I tillegg bør det innhentast informasjon frå administrasjonssjef, tilsette, ordførar, politikarar, kontrollutval og sekretariat.
- Det bør gjennomførast dialogmøte med kontrollutvalet/sekretariatet.
- Det skal utarbeidast ei risikomatrix som identifiserer risiko og konsekvens; Høg/uakseptabel risiko, middels risiko, lav/akseptabel risiko.
- Risiko- og vesentlegvurderinga skal leverast til kontrollutvalet v/sekretariatet seinast i løpet av våren 2020.

Risiko- og vesentlegvurderinga skal gjennomførast innafor ei ramme på inntil 200 timar.

Sekretariatet si tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet i Ålesund bestiller frå Møre og Romsdal Revisjon SA ei risiko- og vesentleg vurdering av kommuna si verksemd og verksemd i kommunen sine selskap innafor ei ramme på inntil 200 timar.

Risiko- og vesentlegvurderinga skal gjennomførast i tråd med det som kjem fram i saksframlegget.

Bjørn Tømmerdal
Dagleg leiar
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS

Sak 10/20 Felles årsmelding 2019 for kontrollutvala i Ålesund, Haram, Skodje, Ørskog og Sandøy

ÅRSMELDING FOR KONTROLLUTVAL-VERKSEMDENE I 2019

Etter Lov om kommunar og fylkeskommunar § 23-1 er det pålagt for kommunane å ha kontrollutval.

Kommunelova har som føremål at kommunen si verksemd skal:

- tilrettelegge forholda for eit funksjonsdyktig kommunalt folkestyre
- og for ei rasjonell og effektiv forvaltning av dei kommunale fellesinteressene innanfor ramma av det nasjonale fellesskapet og med sikte på ei bærekraftig utvikling.
- Legge til rette for ei tillitsskapande forvaltning som bygg på ein høg etisk standard

Dette gir mål for kontrollutvalet sitt arbeid og peikar ut ei retning for korleis utvalet skal utøve rolla si. Desse måla skal vere å finne igjen i føremålet med både rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon, selskapskontroll og andre typar kontrollar. Årsmeldinga gir informasjon om kva for oppgåver kontrollutvala har hatt fokus på i 2019, og dermed kva utvala har gjort for å bidra til å nå dei overordna måla.

Utvala skal på vegne av kommunestyra stå for det løpande tilsynet med kommunen si forvaltning. Utvala rapporterer og gir innstilling direkte til kommunestyra i saker der dette er oppgåva.

I medhald av kommunelova har kommunaldepartementet fastsett forskrifter om kontrollutval den 17. juni 2019. I forskrifta er det gitt reglar for val og samansetting av utvalet, om utvalet sitt ansvar og oppgåver, om saksbehandling og sekretariat.

Mellom anna skal utvalet føre tilsyn med at revisjon av årsrekneskapen skjer på ein tilfredsstillande måte, og at det blir utført forvaltningsrevisjon og tilsyn med eigarskapet i selskap som kommunen er eigar eller deleigar i.

Etter regelverket skal kontrollutvalet ha eige sekretariat, uavhengig av administrasjonen og den valde revisjon. Sekretariatet skal mellom anna sjå til at sakene som blir lagt fram for kontrollutvalet er forsvarleg utgreidd. Kontrollutvala i Ålesund, Sandøy, Haram, Ørskog og Skodje har vore tilknytt Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS i perioden.

Sidan Ålesund, Ørskog, Skodje, Sandøy og Haram kommune var ein del av kommunereforma hadde desse kontrollutvala funksjonstid fram til 31. desember 2019.

Aktiviteten i året

Dei 5 kontrollutvala har hatt til saman 29 møte i 2019 (5 av desse var i Ålesund kontrollutval og aleine knytta til saka om offentlege anskaffingar i Ålesundregionens havnevesen og reguleringprosessen i Skutvika) og behandla 126 saker. Dette er ein høgare aktivitet enn førre år, og aktiviteten er eit resultat av det behovet kontrollutvalet har hatt for å ta opp fleire saker.

Møtebøker frå kontrollutvala sine møte blir oversendt kommunestyret til orientering. Kommunestyra får dermed løpande oversikt over aktiviteten i kontrollutvala. I saker der kontrollutvalet gir innstilling eller uttalar til kommunestyret blir det sendt særutskrift og saksdokument til kommunestyret. Innstillingsretten i slike saker ligg til kontrollutvalet.

Det har blitt lagt vekt på å delta i relevante fora for å halde seg oppdatert om informasjon som er aktuell for kontrollutvalet sine oppgåver. Eit viktig bidrag her har vore den årlege kontrollutvalkonferansen. Når kontrollutvalet har ønska meir informasjon om kommunen si verksemd og samtidig gjere eigen funksjon meir kjent, har rådmenn blitt invitert for å orientere. Også revisor har blitt invitert til å orientere om revisjonsarbeidet.

I tillegg til behandling av kommunen sin rekneskap og årsmelding, har kontrollutvala også sett det som ei viktig oppgåve å ha ei løpande oppfølging av kommunane sin økonomiske situasjon, mellom anna gjennom behandling av deira økonomirapportar.

Vidare har kontrollutvala arbeidd med forvaltningsrevisjon av investeringsbudsjett, arbeidsmiljø, fleire orienteringar om rutinar innan offentlege anskaffingar og overordna revisjonsstrategi 2019. Kontrollutvala har også fått ymse orienteringar knytt til skiping av nytt kommunerevisjonsselskap.

Medlemene i kontrollutvalet er kjent med at kontrollutvalet sine oppgåver er mange og viktige. Derfor har det blitt gitt prioritet å styrke dette arbeidet. Kontrollutvala har teke sikte på å bidra til at det blir skapt tillit til kommunane og at kommunane framstår som truverdige for brukarar og innbyggjarar i tenesteproduksjon, utøving av mynde og forvaltningsfunksjonar.

Sekretariatet sitt forslag til vedtak:

Ålesund kontrollutval godkjenner den felles årsmeldinga og sender den over til kommunestyret til orientering.

Bjørn Tømmerdal
Dagleg leiar
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS